

Godt nøyde med hjortejakta så langt.

16.10.2016



Eirin Rørheim Kjærland(21) er svært fornøgd etter at ho felte sin første hjort i går.

Det er meldt om god hjortejakt i Uskedalen. Det er skotne dyr i alle valda. I jaktvaldet Myklebust/Kjærland/Ytre Rød vart dyr nr. 11 av totalt 24 felt no i helga. Uskedalen er delt inn i 8 jaktvald. Nokre av valda er igjen delte inn i jaktfelt.

På Haugland er det skotne 10 dyr. Valdet har løyve på 20 dyr. Så langt vi kjenner til er det skote 1 dyr på Skorpo av totalt 7 dyr. Det er skote fleire dyr på Døssland/Øvre Feet. Løyve er 60 dyr fordelt på tre år. Hjortebestanden er stabilisert på eit gunstig tal. Det er mindre dyr i høve til slik det var for 10 - 15 år sidan. Slik skal det vera. Dermed er det mindre dyr som beitar på innmarka, noko alle er godt nøyde med.

Hjortejakta vert til ein viss grad organisert annleis enn før. Storvaldet vert tildelt eit visst antal dyr. Nokre grunneigarar vel å ta sine dyr ut av ei felles jakting, anten for sal eller der ein leiger inn eigen jeger. Det kan også gjerast slik at ein jeger skyt dei fleste dyra i valdet og tildeler kjøtt etter er høvesvis fordeling. All felling skal meldast inn til jaktleiar i valdet. Jakta i Uskedalen er godt organisert og vert gjennomført ut frå ei berekraftig

utvikling. Vi hører ikkje om uheldige hendingar eller negativ omtale slik det nyss vart kunngjort frå nordsida av Kvinnherad.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Svein Ottar Rørheim.